

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 16/6440-5

## **Anbud 2016 - Rammeavtale forvaltningsrevisjon 2017 - 2019 - val av leverandør**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:  
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Ut frå vurdering av tildelingkriteria vel fylkestinget å inngå rammeavtale med ..... for leveranse av forvaltningsrevisjon for perioden 1.6.2017 – 31.5.2019 med opsjon for Sogn og Fjordane fylkeskommune til å forlenge avtalen med to år.

### Vedlegg:

- Konkurransesgrunnlaget for anbud 2016 – Forvaltningsrevisjon
- Til kontrollutvalet: Tilboda frå tre tilbydarar mottekne innan 17.10.2016, **U.off, ref. OFL § 13, jfr FVL § 13**

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Til fylkestinget: Tilboda frå tre tilbydarar mottekne innan 17.10.2016, **U.off, ref. OFL § 13, jfr FVL § 13**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget vedtok i FT-sak 52/07 at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal kjøpe forvaltningsrevisjonstenester i marknaden.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag rammeavtale med Deloitte AS ang. leveranse av forvaltningsrevisjonstenester. Avtalen vart inngått 10.6.2013 med varigheit til 31.05.2015 med opsjon for to år, ref. FT-sak 1/13. Avtalen vart våren 2015 forlenga i samsvar med opsjonen, og går ut 31.05.2017, ref. vedtak i FT-sak 8/15.

Det er, etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 78 nr. 4, fylkestinget som sjølv skal velje revisor. Valet skal gjerast etter tilråding frå kontrollutvalet.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Arbeidet med nytt anbud for kjøp av forvaltningsrevisjon vart starta i sommar med ein framdriftsplan som gjorde det mogeleg å legge fram ei sak til fylkestinget 6. desember. Innkjøpssjefen har vore nytte som innkjøpsfagleg kompetanse i arbeidet med gjennomføring av anbudet. Innkjøpssjefen si rolle har vore rådgjeving i forhold til lov og forskrift om offentlege anskaffingar, i tillegg til å gjere det praktiske arbeidet med å legge anbudet ut på DOFFIN og eventuelt andre databaser som er kravd ut frå lov og forskrift. Rolla til innkjøpssjefen er avklart med fylkesrådmannen i ein epost – utveksling med assisterande fylkesrådmann 20. april 2016.

Det vart utarbeidd eit konkurransegrunnlag, som kontrollutvalet godkjende i KU-sak 37/16 i kontrollutvalsmøte 25.08.2016. Anbudet vart i etterkant av møtet lagt ut på DOFFIN og andre databasar som er kravd i høve til regelverket om offentlege innkjøp.

Tilbudsfristen vart sett til 17. oktober 2012 kl. 12.00.

Det kom inn tilbod frå tre tilbydarar innan fristen gjekk ut.

Dei tre tilbydarane vart vurdert opp mot kvalifikasjonskrava i konkurransegrunnlaget. Alle dei tre tilbydarane vart vurdert til å vere kvalifiserte, og evaluering av tilboda frå dei tre vart starta opp.

Val av leverandør skjer på grunnlag av kva tilbod som er økonomisk mest fordelaktig. Tilboda frå tilbydarane vart vurdert opp mot tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget.

- Kvalitet på løysing - vekt 40%
- Pris - vekt 40 %
- Kvalifikasjonar på tilbydd personell - vekt 20 %

Prinsippet i evalueringa av dei tre tilboda har vore å få ei evaluering av tildelingskriteria slik at dei kan samanliknast. Beste tilbod under kvart kriterium får karakter 10. Dei andre er høvesvis dårlegare.

Kontrollutvalet sine medlemmar får tilsendt konkurransegrunnlaget og tilboda frå dei tre tilbydarane som vedlegg til saksframlegget. Tilboda er unnatekne offentleg, ref. OFL § 13 jfr. FVL § 13.

Det er kontrollsjefen som legg fram tilråding til kontrollutvalet på bakgrunn av vurderingane gjort opp mot tildelingskriteria.

Kontrollutvalet får i møte ein presentasjon av vurderingane gjort i evalueringa av dei tre tilboda. Resultatet av evalueringa med tilråding om val av leverandør vil gå fram av denne presentasjonen. Det er kontrollutvalet som tilrår fylkestinget val av det beste tilbodet ut frå utvalet sine vurderingar av tildelingskriteria.

Eventuelle klager på vedtaket om val av revisor vert handsama etter Lov om offentlege anskaffingar i tillegg til andre relevante lover og forskrifter.

### **3. Konklusjon**

På bakgrunn av saksframlegget, tilboda og presentasjonen i møtet vert kontrollutvalet rådd til å kome med tilråding til fylkestinget om val av forvaltningsrevisor for Sogn og Fjordane fylkeskommune i perioden 1.6.2017 - 31.5.2019 med opsjon for fylkeskommunen til å forlengje avtalen med to år.